



Utv.saksnr	Utvål	Møtedato
3/18	Formannskapet	23.01.2018

Endring av kommunal forskrift om bandtvang i Vågå

Vedlegg:

Saksframlegg:

Vågå kommune fekk i 2006 innført ny kommunal forskrift om bandtvang. Forskrifta erstatta den førre, som var vedteke i 1948.

Forskrift om bandtvang for hund, Vågå kommune, Oppland.	
Dato	FOR-2006-05-30-587
Publisert	II 2006 hefte 3
Ikrafttredelse	30.05.2006
Sist endret	
Endrer	FOR-1948-10-12-1
Gjelder for	Vågå kommune, Oppland.
Hjemmel	LOV-2003-07-04-74-§6
Kunngjort	08.06.2006
Kortittel	Forskrift om bandtvang for hund, Vågå

Fastsett av Vågå kommunestyre 30. mai 2006 med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald (hundeloven) § 6.

§ 1. Eigar eller innehavar av hund i Vågå kommune skal halde hunden i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerda i tida frå og med 1. april til og med 1. oktober i dei område der husdyr har rett til å beite og faktisk beitar.

§ 2. Denne forskrifta gjeld ikkje for:

- a) dresserte gjeterhundar i arbeid
- b) tenestehund i arbeid, samt under lovleg trening eller prøving
- c) hund nytta i ettersøk etter såra eller sjukt vilt
- d) jakthundar som nytta under lovleg jakt, samt under lovleg trening eller prøving og som blir følgd på forsvarleg måte av eigar eller innehavar
- e) hund nytta til lovleg uttak av rovvilt
- f) organisert trening av brukshundar.

§ 3. Brot på denne føresegna er straffbart, sjå lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald § 28.

§ 4. Denne føresegna trer i kraft 30. mai 2006. Samstundes blir føresegn av 12. oktober 1948 nr. 1 om bandtvang for hund, Vågå kommune, Oppland, oppheva.

Forskrifta er heimla i *Lov om hundehald (hundeloven)* § 6:

§ 6. Sikring av hund ved båndtvang m.m.

I tiden fra og med 1. april til og med 20. august skal en hund bli holdt i bånd eller forsvarlig inngjerdet eller innestengt, slik at ikke den kan jage eller skade storfe, sau, geit, fjærfe, rein, hest eller vilt, herunder viltets egg, reir og bo.

Kommunen kan gi forskrift om at hunder skal holdes i bånd eller forsvarlig innestengt eller inngjerdet

- a) i og i tilknytning til boligområder og handleområder,
- b) i parker, på gravplasser, på og ved skoler, barnehager og anlegg for lek, idrett, sport eller rekreasjon,
- c) på og ved bestemt/angitte turstier, turveier, merkede skiløyper, leir- og rasteplatser,
- d) i bestemt angitte andre områder på land, i vann eller sjø som er allment benyttet som tur- og rekreasjonsområder,
- e) i hele eller deler av kommunen i bestemt angitt tidsrom når storfe, sau, geit eller hest normalt går ute, eller
- f) under ekstraordinære forhold som gjør båndtvang påkrevd for å beskytte viltet.

Båndtvang etter bokstav c og d kan ikke fastsettes i større grad enn nødvendig og slik at hensynet til de som ønsker å ferdes med løs hund også ivaretas i tilstrekkelig grad, både hva angår omfang og geografisk spredning. Ved fastsettelse av båndtvang etter bokstav e og f kan båndtvang bare innføres i de områder av kommunen hvor husdyr har rett til å beite og faktisk beiter, eller hvor vilt man ønsker å beskytte har sitt leveområde. Båndtvang fastsatt i medhold av bokstav f må opphøre straks forholdene tilsier det. Der beite, natur- og rekreasjonsområder berører flere kommuner, bør disse samordne sine forskrifter. Kommunens innføring av båndtvang etter bokstav f kan påklages til fylkesmannen.

Kommunen kan gi forskrift om at hunder ikke har adgang til barnehager, skolegårder eller gravplasser.

0 Endret ved lov 26 aug 2011 nr. 40 (ikr. 1 jan 2012 iflg. res. 26 aug 2011 nr. 866).

Forskrifta rettar seg i hovudsak mot dei problema ein kan få når hundar går lause i beitesesongen. Det er difor innført bandtvang utover det som er bestemt i lova.

I samband med den relativt snørike vinteren vi opplever, har det kome spørsmål om å innføre utvida bandtvang slik at viltet ikkje blir jaga unødvendig i djupsnøen. Det er spesielt rådyr som får det utfordrande når det er djup snø.

Det er i hundelovens § 6 bokstav f) ein kan heimle eit slikt vedtak om å innføre bandtvang for å beskytte viltet. Det vil vere klagerett på vedtak som er heimla i hundelovens § 6 bokstav f).

Endring av forskrift skal vedtakast av kommunestyret jf. gjeldande delegeringsreglement.

Utdrag frå delegeringsreglementet for Vågå kommune, vedteke i Vågå kommunestyre, sak 37/15

12.24 HUNDELOVA

Delegering til rådmannen (administrativ delegering)

Det blir delegert til rådmannen a ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen, med unntak av forskriftsarbeid heimla i §§ 6, 11 og 12.

Vidaredelegering av rådmannen sin mynde:

Rådmannen sin mynde i dette punktet blir vidaredelegert til tenesteleiari for Landbrukskontoret.

Delegering til Formannskapet

Formannskapet får tilrådingsrett til kommunestyret i evt. lokale forskrifter etter §§ 6, 11 og 12 i lova.

Det er formannskapet som har tilrådingsrett til kommunestyret i forskriftssaker etter § 6 i hundelova. Etter at innstillinga er vedteke i formannskapet skal forslag til ny forskrift gjerast alminneleg kjent. I praksis vil ein gjere forslag til forskrift kjent i t.d. GD, legge det på heimesida og facebook-sida til kommunen i fire veker. Det vil vere aktuelt å sende forskrifta til bl.a. Vågå fjellstyre, fuglehundklubb som er i representert i kommunen o.a. Den kommunale viltnemnda (HTLN) bør og få høve til å uttale seg.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak og vedteke forskrift må gjerast kjent i t.d. GD, på heimesida og facebook-sida til Vågå kommune. Forskrifta blir gjort gjeldande frå vedtaksdato i kommunestyret. Vedteke forskrift må kunngjeraast i Norsk Lovtidend. Slik den politiske møteplanen ligg føre kan ein få fatta vedtak i kommunestyremøte 6. mars.

Vurdering:

Det er sjeldan det er mykje snø i dalbotn i Vågå, men det vil variere frå år til år. Dei åra det er mykje snø i høgda trekker ein del av viltet mot område med mindre snø. I år er det også relativt mykje snø i dalbotn. Ved å utvide forskrifta til å omfatte pkt. f) § 6 i hundeloven vil ein raskt og effektivt kunne innføre og avlyse bandtvang. I Vågå si forskrift er det gjort unntak for ei rad aktiviteter, bl.a. lovleg jakt samt lovleg trening eller prøving med hund. Utvida bandtvang på vinteren vil difor ikkje kome i konflikt med t.d. jaktpører vinterstid.

Det er i skogen hjortevilt som rådyr held seg vinterstid. Det er i desse områda det blir mykje laussnø som gjer det vanskeleg og energikrevjande å flykte frå hundar. Ein kunne tenkt seg å avgrense virkeområdet til forskrifta til å gjelde alt areal under skoggrensa. Dette kan ein likevel gjere når ein fattar vedtak om utvida bandtvang. Når ein ikkje gjer avgrensing i virkeområde vil ein ved spesielle tilhøve også ha muligkeit til å innføre forskrifta i snaufjellet.

Under finn ein to ulike døme på forskrifter heimla i hundelovens § 6 bokstav f):

Forskrift frå Bodø kommune

4. Ekstraordinær båndtvang av hensyn til viltet

På grunn av store snømengder og av hensyn til viltet kan rådmannen eller den han gir fullmakt gis rett til, under ekstraordinære forhold, å vedta innført utvidet båndtvang for hund på de steder i kommunen og til de tider i perioden mellom 20.august og 1.april som angis i det enkelte vedtak. Slik vedtak gjelder inntil rådmannen eller den han gir fullmakt opphever dette, eller til ordinær båndtvang inntreffer.

Vedtak om innføring og opphevelse av utvidet båndtvang kunngjøres i de media som rådmannen til en hver tid finner tjenlig.

Vedtaket gjelder alle hunder med unntak av dressert bufehund når den brukes til å vokte bufe og rein, godkjente førerhunder for synshemmede, hund i aktiv politi-, toll-, militær-, og redningstjeneste eller under trening for slik tjeneste og hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såret og sykt vilt. Vedtaket gjelder også for hund når den brukes til jakt, jakthundtrening og jaktpører dersom ikke annet går frem av det enkelte vedtaket for ekstraordinær båndtvang.

Forskrift frå Balsfjord kommune

§ 2. Rådmannen i Balsfjord gis fullmakt til å innføre båndtvang under ekstraordinære forhold som gjør det påkrevd for å beskytte viltet.

Rådmannen er av den oppfatning at ein kan nytte ein kort og presis tekst:

Rådmannen i Vågå blir gjeve fullmakt til å innføre bandtvang under ekstraordinære forhold som gjer det påkravd for å verne om viltet.

Dette vil blir ein ny tilleggsparagraf i forskrifta.

Rådmannens innstilling:

Vågå kommune sender på høyring forslag om ny tilleggsparagraf i kommunal forskrift om bandtvang i Vågå:

Rådmannen i Vågå blir gjeve fullmakt til å innføre bandtvang under ekstraordinære forhold som gjer det påkravd for å verne om viltet.

Ny forskrift om bandtvang i Vågå kommune blir som følgjer:

I tillegg til lov om hundehald (hundeloven) har Vågå kommune innført følgjande forskrift:

§ 1. *Eigar eller innehavar av hund i Vågå kommune skal halde hunden i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerda i tida frå og med 1. april til og med 1. oktober i dei område der husdyr har rett til å beite og faktisk beitar.*

§ 2. *Rådmannen i Vågå blir gjeve fullmakt til å innføre bandtvang under ekstraordinære forhold som gjer det påkravd for å verne om viltet.*

§ 3. *Denne forskrifta gjeld ikkje for:*

a) *dresserte gjeterhundar i arbeid*

b) *tenestehund i arbeid, samt under lovleg trening eller prøving*

c) *hund nytta i ettersøk etter såra eller sjukt vilt*

d) *jakthundar som nyttast under lovleg jakt, samt under lovleg trening eller prøving og som blir følgd på forsvarleg måte av eigar eller innehavar*

e) *hund nytta til lovleg uttak av rovvilt*

f) *organisert trening av brukshundar.*

§ 4. *Brot på denne forskrifta er straffbart, sjå lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald § 28.*

§ 5. *Denne forskrifta trer i kraft xx.xx. 2018. Samstundes blir forskrifta av 30. mai 2006 nr. 5871 om bandtvang for hund, Vågå kommune, Oppland, oppheva.*

Høyringsristen blir sett til 23. februar.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.01.2018

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Vågå kommune sender på høyring forslag om ny tilleggsparagraf i kommunal forskrift om bandtvang i Vågå:

Rådmannen i Vågå blir gjeve fullmakt til å innføre bandtvang under ekstraordinære forhold som gjer det påkravd for å verne om viltet.

Ny forskrift om bandtvang i Vågå kommune blir som følgjer:

I tillegg til lov om hundehald (hundeloven) har Vågå kommune innført følgjande forskrift:

§ 1. *Eigar eller innehavar av hund i Vågå kommune skal halde hunden i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerda i tida frå og med 1. april til og med 1. oktober i dei område der husdyr har rett til å beite og faktisk beitar.*

§ 2. *Rådmannen i Vågå blir gjeve fullmakt til å innføre bandtvang under ekstraordinære forhold som gjer det påkravd for å verne om viltet.*

§ 3. *Denne forskrifta gjeld ikkje for:*

a) dresserte gjetarhundar i arbeid

b) tenestehund i arbeid, samt under lovleg trening eller prøving

c) hund nytta i ettersøk etter såra eller sjukt vilt

d) jakthundar som nyttast under lovleg jakt, samt under lovleg trening eller prøving og som blir følgd på forsvarleg måte av eigar eller innehavar

e) hund nytta til lovleg uttak av rovvilt

f) organisert trening av brukshundar.

§ 4. *Brot på denne forskrifta er straffbart, sjå lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald § 28.*

§ 5. *Denne forskrifta trer i kraft xx.xx. 2018. Samstundes blir forskrifta av 30. mai 2006 nr. 5871 om bandtvang for hund, Vågå kommune, Oppland, oppheva.*

Høyringsfristen blir sett til 23. februar.